

# Bioforsk Rapport

Bioforsk Report

Vol. 7 Nr. 17 2012

## Endringar i jordbruksareal og dyretal på Sør- og Vestlandet 1989 - 2011

Odd-Jarle Øvreås

Bioforsk Vest Fureneset



Framsidedfoto: Gaular Foto: Pål Thorvaldsen

*Tittel/Title:*

Endringar i jordbruksareal og dyretal på Sør- og Vestlandet i perioden 1989-2011

*Forfatter(e)/Author(s):*

Odd-Jarle Øvreås

<i>Dato/Date:</i> 15.03.2012	<i>Tilgjengelighet/Availability:</i> Open	<i>Prosjekt nr./Project No.:</i> 4110023	<i>Saksnr./Archive No.:</i> 2009/320
<i>Rapport nr./Report No.:</i> 17/2012	<i>ISBN-nr./ISBN-no:</i> 978-82-17-00889-7	<i>Antall sider/Number of pages:</i> 28	<i>Antall vedlegg/Number of appendices:</i>

<i>Oppdragsgiver/Employer:</i>  Norges forskningsråd, Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane.	<i>Kontaktperson/Contact person:</i>  Lars Peter Taule
--	--

<i>Stikkord/Keywords:</i> Jordbruksareal, fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite, mjølkeku, ammeku, vinterføra sauer, utegangarsau	<i>Fagområde/Field of work:</i> Grovfôr og kulturlandskap
---	--

<p><i>Samandrag:</i></p> <p><i>Jorbruksareal</i></p> <p>I Noreg var det auke i jordbruksarealet i drift fram til 2001. Etter det har det minka kvart år. I Agder fylka var det ein auke i fulldyrka areal i perioden 1989-1999. Etter det har det vore ein jamn nedgang noko større enn landsgjennomsnittet. På Vestlandet utanom Rogaland starta nedgangen i fulldyrka areal tidlegare og nedgangen har også her vore sterkare enn landsgjennomsnittet. I Hordaland har nedgongen vore særleg stor på kysten og i ytre fjordstrøk. I Sogn og Fjordane har det òg vore størst nedgong på kysten. I Aust-Agder er nedgongen størst i innlandskommunane. I Rogaland har det vore nedgang etter 2001. Hordaland er det fylket som har hatt størst nedgang i fulldyrka areal, heile 23 % i perioden 1989 - 2009. I perioden 1999 – 2009 har det vore ein jamn nedgong i overflatedyrka areal i alle fylke med unntak av Rogaland. Målt i dekar er nedgongen størst i Hordaland og Sogn og Fjordane. I prosent er nedgongen størst i Vest-Agder og Møre og Romsdal. Det har vore ein auke i arealet av innmarksbeite i alle fylka, men det er berre i Aust-Agder auken har vore større enn landsgjennomsnittet. Mykje av registrert auke i innmarksbeitearealet har samanheng med regelverksendring i 1997 som gjorde det lettare å ta med slikt areal. Auken i innmarksbeiteareal har vore størst i innlandskommunane.</p>
--

### *Husdyr*

I perioden 2000 – 2011 har det på landsplan vore stor nedgang i talet på mjølkekyr og auke i talet på ammekyr. Vidare har det vore nedgang i talet på vinterføra sauer og auke i talet på utegangarsau.

På landsplan har nesten kvar fjerde mjølkekyr blitt borte i perioden 2000-2011. Rogaland har mindre nedgang enn landsgjennomsnittet (19 %), medan dei fem andre fylka har større nedgang enn landsgjennomsnittet (27 – 31 %). Av ammekyr har det vore ein auke i heile perioden, men langt mindre enn reduksjonen i tal mjølkekyr. Auken i tal ammekyr har vore størst i Rogaland og Agder-fylka, og minst i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Den geografiske oppsplittinga syner at det er nedgang i talet på kyr overalt, men at det er størst nedgang på kysten og i ytre fjordstrøk. Dette med unntak av Vest-Agder der det er størst nedgang i innlandskommunane. I Hordaland og Sogn og Fjordane er nedgangen så stor at sjølv innlandskommunane med minst nedgang, har større nedgang enn landsgjennomsnittet. På sau er biletet noko meir varierende. Det er nedgang i Agder fylka og dei tre nordlegaste Vestlandsfylka, men ein stor auke i Rogaland.

Agder fylka og Sogn og Fjordane skil seg ut med stor nedgang i sauetalet. I Aust-Agder har det vore svært stor nedgang i innlandskommunane. I Vest-Agder og Sogn og Fjordane har nedgangen vore størst på kysten. Auken i talet på utegangarsau har fyrst og fremst kome i Hordaland og Rogaland.

I Møre og Romsdal har det vore ein auke i både talet på vintefora sauer (v.f.s.) og utegangarsau på kysten. I resten av fylket har det vore nedgang. Mest i ytre fjordstrøk.


I Hordaland har det vore nedgang i talet på v.f.s. i heile fylket, mest i ytre fjordstrøk. Samstundes har det vore ein markant auke i talet på utegongarsau. Dette har halde oppe sauetalet i kystkommunane og gjort til at den samla nedgangen i ytre fjordstrøk er mindre enn i innlandskommunane.

I Rogaland har det vore stor auke både i talet på v.f.s. og i talet på utegongarsau. Det har vore auke i heile fylket, men størst har auken vore i Ryfylke og på Jæren.

<i>Land/Country:</i>	Noreg/Norway
<i>Fylke/County:</i>	Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Vest-Agder, Aust-Agder

Godkjent / Approved

Prosjektleder / Project leader

  
\_\_\_\_\_  
Samson L. Øpstad

  
\_\_\_\_\_  
Odd-Jarle Øvreås

## FØREORD

Rapporten *"Endringar i jordbruksareal og dyretal på Sør- og Vestlandet 1989-2011"* er ein del av arbeidet i prosjektet *"Utvikling og tilpassing av rammevilkår for arealekstensive driftsformer i vestlandsjordbruket for å ivareta eit ope jordbrukslandskap"*. Dette prosjektet er eit brukarinitiert prosjekt (BIP) med støtte frå Noregs Forskingsråd og Jordbruksavtalen, og regionale partar i næring og offentleg forvaltning. Eigar av prosjektet er *Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane*. Organisasjonssjef Lars Peter Taule, Hordaland Bondelag, har vore administrativt ansvarleg for samarbeidsrådet. Det var oppnemnt ei styringsgruppe som har gjeve råd undervegs. I gruppa sat: Leiar i samarbeidsrådet Ingunn Sognnes, Tine, fylkesmennene v/ landbruksdirektør Christian Rekkedal, FMLA Sogn og Fjordane, fylkeskommunane v/ plansjef Marit Rødseth, Hordaland Fylkeskommune, kommunenivå v/ konsulent Jarle Helland, Radøy kommune og næringa v/ bonde Kari Redse Håskjold. Volda. Gruppa har hatt 3 møte. Prosjektet starta i 2007 og vert slutført 31.03.2012. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Bioforsk Vest Fureneset har samarbeidd om gjennomføring av prosjektet. Forskar Leif-Jarle Asheim i NILF har leia dette arbeidet.

Rapporten *"Endringar i jordbruksareal og dyretal på Sør- og Vestlandet 1989-2011"* er skriven av Odd-Jarle Øvreås ved Bioforsk Vest Fureneset.

Vi takkar Noregs Forskingsråd og styret for Forskningsmidlar over Jordbruksavtalen for løyvingane til prosjektet, sameleis næring og forvaltning:

Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane  
Felleskjøpet Agri  
Kjøttbransjenes Landsforbund  
Nortura  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Fylkesmannen i Aust-Agder  
Fylkesmannen i Vest-Agder  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Hordaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylke

Vi takkar Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane for arbeidsoppdraget.

Fureneset, 15. mars 2012

Samson L. Øpstad  
Bioforsk Vest Fureneset



## Innholdsliste

1.	Innleiing .....	6
2.	Jordbruksareal .....	7
2.1	Endringar i jordbruksareal dei siste 20 åra .....	9
2.1.1	Samla jordbruksareal .....	9
2.1.2	Fulldyrka jord .....	10
2.1.3	Overflatedyrka jord .....	12
2.1.4	Innmarksbeite .....	14
2.2	Årsaker til endringane i jordbruksareal .....	16
2.2.1	Omdisponering og nedbygging. ....	16
2.2.2	Nydyrking .....	16
2.2.3	Godkjenning av meir beiteareal/nyrydding .....	16
2.2.4	Digitale kartverk. ....	17
2.2.5	Areal drive utan tilskot .....	17
2.2.6	Areal teke ut av produksjon .....	18
3.	Endring i dyretal .....	19
3.1	Endring i talet på kyr .....	19
3.2	Sauer .....	22
3.3	Årsaker til endringar i dyretal .....	26
3.3.1	Svak lønsemd .....	26
3.3.2	Endring i kvoteordning, mjølkeyting, ressursituasjon og konkurranse .....	26
3.3.3	Andre faktorar .....	27
4.	Oppsummering .....	28
4.1	Jordbruksareal .....	28
4.2	Husdyr .....	28
	Litteratur .....	29

# 1. Innleiing

---

Dei siste tiåra har det skjedd store endringar i landbruket på Sør- og Vestlandet. Dette er dels ei fylgje av nasjonale vilkår og strukturendringar, men og at landbruket i regionen utanom Jæren taper terreng i forhold til dei sentrale/ tunge landbruksområda.

Endringane omfattar mange område. Det gjeld tal husdyr, husdyrslag, driftsopplegg, arealbruk og bruksstorleik m.m.. For dei grovføretande husdyra har det skjedd ei endring mot større einingar, meir intensiv drift og færre dyr samla sett. Dette er særleg tydeleg innan mjølkeproduksjonen som er ein av berebjelkane i norsk landbruk. Dette har ført til endringar i bruken av jordbruksarealet. I første omgang har dette ført til reduksjon i bruken av utmarka. I neste omgang ser ein at det mest marginale jordbruksarealet går ut av produksjon. I tillegg til dette kjem omdisponering av areal til anna enn jordbruksføremål. Denne omdisponeringa utgjer mest i pressområde rundt byar og tettstader og går ofte ut over areal av god jordkvalitet i dei beste klimaområda.

Her vil me ta for oss dei endringane som har skjedd i jordbruksarealet i regionen dei siste 20 åra. Me vil òg sjå på endringane i dyretal i det grovførbaserte husdyrhaldet (sau og storfe) dei siste 10-åra. Granskinga omfattar fylka Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Denne rapporten er ein del av prosjektet ”Utvikling og tilpassing av rammevilkår for arealekstensive driftsformer i vestlandsjordbruket for å ivareta eit ope kulturlandskap. Dette er eit brukarinitiert prosjekt som er støtta av Norges forskingsråd, Jordbruksavtalepartane, Felleskjøpet Agri, Kjøttbransjens Landsforbund, Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, Nortura og Norsk Bonde og Småbrukarlag. Frå landbruksavdelinga hjå fylkesmennene medverkar: Aust-Agder, Vest-Agder, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til finansieringa, og frå fylkeskommunane medverkar Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane er prosjekteigar.



## 2. Jordbruksareal

---

Me har fyrst sett på endringane i det totale jordbruksarealet i perioden 1989 - 2009. Dette seier oss noko om den samla utviklinga i regionen. Så har me sett på dei ulike kategoriane jordbruksarealet er delt inn i. Dette for å få forståing for kva som ligg bak samletala.

I søknad om produksjonstillegg er jordbruksareal delt i tre kategoriar:

Fulldyrka areal

Overflatedyrka areal

Innmarksbeite (endra i 1997 frå gjødsla beite til innmarksbeite).

Summen av alle desse tre er det som vert omtala som jordbruksareal og det er desse areala det vert gjeve tilskot til gjennom produksjonstilskot i landbruket. Det som i dag i tilskotssamanheng heiter innmarksbeite var før 1997 nemnd gjødsla beite. Det var då krav om at dette skulle gjødslast kvart år for å ha rett på tilskot. Ved overgang til nemninga innmarksbeite, vart krava til arealet endra. Ein gjekk m.a. bort frå kravet om gjødsling. I dagens regelverk er det følgjande krav til innmarksbeiteareal:

- Jordbruksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt.
- Minst 50 % av arealet skal vere dekkja av grasartar og beitetålande urter.
- Arealet skal vere avgrensa med permanent gjerde mot utmark, med mindre området har naturlege avgrensingar som elver, fjell og liknande.

Me vil sjå på tala for kvart av fylka. Vidare har me delt opp fylka for å sjå om endringane fordeler seg likt ut over eller om der er geografiske skilnader innan fylka. Me har delt fylka inn kommunevis i kystkommunar, ytre fjordstrøk og innlandskommunar. Vest-Agder, Aust-Agder og Sogn og Fjordane er berre delt i kystkommunar og innlandskommunar.

Følgjande inndeling er nytta:

### Møre og Romsdal

Kystkommunar	Kristiansund, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Haram, Midsund, Sandøy, Aukra, Fræna, Eide, Averøy, Smøla, Aure
Ytre fjordstrøk	Molde, Ålesund, Vanylven, Volda, Ørsta, Sykkylven, Skodje, Vestnes, Nesset, Gjemnes, Tingvoll, Halså
Innlandskommunar	Ørskog, Norddal, Stranda, Stordal, Rauma, Sunndal, Surnadal, Rindal

## Sogn og Fjordane

Kystkommunar	Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Florø, Bremanger, Vågsøy, Selje
Innlandskommunar	Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Gaular, Jølster, Førde, Naustdal, Eid, Hornindal, Gloppen, Stryn

## Hordaland

Kystkommunar	Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Os, Austevoll, Sund, Fjell, Askøy, Meland, Øygarden, Radøy, Austrheim, Fedje
Ytre fjordstrøk	Bergen, Etne, Kvinnherad, Fusa, Samnanger, Osterøy, Lindås, Masfjorden
Innlandskommunar	Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Kvam, Vaksdal, Modalen

## Rogaland

Kystkommunar	Eigersund, Haugesund, Sokndal, Hå, Klepp, Sola, Randaberg, Rennesøy, Kvitsøy, Bokn, Karmøy, Utsira
Ytre fjordstrøk	Sandnes, Stavanger, Time, Strand, Finnøy, Tysvær, Vindafjord <sup>1</sup>
Innlandskommunar	Lund, Bjerkreim, Gjesdal, Forsand, Hjelmeland, Suldal, Sauda

<sup>1</sup> Ølen kommune vart overført frå Hordaland til Rogaland frå 01.01.02 og slege saman med Vindafjord frå 01.01.06

## Vest-Agder

Kystkommunar	Kristiansand, Mandal, Farsund, Flekkefjord, Søgne, Lindesnes, Lyngdal.
Innlandskommunar	Vennesla, Songdalen, Marnardal, Åseral, Audnedal, Hægebostad, Kvinesdal, Sirdal.

## Aust-Agder

Kystkommunar	Risør, Grimstad, Arendal, Tvedestrand, Lillesand.
Innlandskommunar	Gjerstad, Vegårshei, Froland, Birkenes, Åmli, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle.

I dyretaloversiktene vert Rogaland òg delt inn etter ei anna inndeling. Bakgrunnen for dette er Jæren som er ei kystsone med spesielt gode forhold for landbruk, og som dermed skil seg vesentleg frå dei andre fylka. Ein vil då leggje til grunn fylgjande inndeling:

## Rogaland

Nordfylket	Haugesund, Bokn, Tysvær, Karmøy, Utsira, Vindafjord
Ryfylke	Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy
Jæren	Sandnes, Stavanger. Hå, Klepp, Time, Gjesdal, Sola, Randaberg, Rennesøy, Kvitsøy
Dalane	Eigersund, Sokndal, Lund, Bjerkreim

## 2.1 Endringar i jordbruksareal dei siste 20 åra


### 2.1.1 Samla jordbruksareal

*Tabell 1 Jordbruksareal i drift, tal med grunnlag i landbruksteljingane (SSB)*

	% vis endring				
	1989	1999	2009	89-99	99-09
Aust-Agder	114 109	120 369	112 295	5,49	-6,71
Vest-Agder	186 923	202 760	193 766	8,47	-4,44
Rogaland	867 524	990 903	1 003 658	14,22	1,29 *
Hordaland	444 611	448 494	424 121	0,87	-5,43 *
Sogn og Fjordane	456 828	476 685	452 918	4,35	-4,99
Møre og Romsdal	592 514	615 800	572 459	3,93	-7,04
Heile landet	9 910 773	10 382 466	10 152 194	4,76	-2,22

\* Ølen vart flytta til Rogaland frå 01.01.02. For å korrigere for dette, er Ølen sine data trekte ut av Hordaland og lagt til i Rogaland for 1989 og 1999.

På landsplan var det ein auke i jordbruksarealet på i underkant av 5% frå 89 – 99. Frå 99-09 har arealet gått ned med vel 2 %. Rogaland hadde ein auke i jordbruksarealet på heile 14 % frå 89-99. Hordaland hadde om lag uendra areal i same perioden medan Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal hadde ein auke på om lag 4%. Agderfylka hadde ein auke på 5,5 og 8,5 i høvesvis aust og vest. Frå 99-09 har Rogaland hatt ein liten auke på vel 1 %, medan dei andre fylka har hatt ein nedgong på frå 4,5 – 7 %.



Figur 1 Relativ endring i jordbruksareal i drift i perioden 1989-2009.

### 2.1.2 Fulldyrka jord


På landsplan var det ein auke i det fulldyrka arealet fram til slutten på 90 talet. Etter det har det gått nedover kvart år med ein gjennomsnittleg årleg reduksjon på 40 000 da kvart år. Det tilsvarar ein nedgang på knapt 0,5 % årleg.

Ein tilsvarande trend har ein for vestlandsfylka, men her starta nedgangen tidlegare og den har vore markant større enn på landsplan. Dette med unntak av Rogaland der det var ein auke fram til årtusenskiftet og deretter ein nedgang om lag som på landsplan. I Agder fylka var det ein auka fram til 1999. Etter det har det vore ein jamn markant nedgang.

Tabell 2 Fulldyrka areal, tal med grunnlag i landbruksteljingane (SSB, 2010)


	Tal dekar			% vis endring	
	1989	1999	2009	89-99	99-09
Aust-Agder	105 211	108 992	98 487	3,59	-9,64
Vest-Agder	156 281	159 398	147 058	1,99	-7,74
Rogaland	556 758	582 123	548 080	4,56	-5,85 *
Hordaland	296 606	271 523	228 244	-8,46	-15,94 *
Sogn og Fjordane	317 294	315 592	283 677	-0,54	-10,11
Møre og Romsdal	517 231	511 957	467 210	-1,02	-8,74
Heile landet	8 817 538	8 871 235	8 398 974	0,61	-5,32

\* Ølen vart flytta til Rogaland frå 01.01.02. For å korrigere for dette, er Ølen sine data trekte ut av Hordaland og lagt til i Rogaland for 1989 og 1999.



**Figur 2** Relativ endring i fulldyrka areal i perioden 1989 - 2009

Hordaland skil seg markert ut med stor nedgang. Det fulldyrka arealet minka med vel 8 % frå 1989 – 1999. Dei siste 10 åra har det minka med det doble. Nedgangen var 16 % i det fulldyrka arealet frå 1999 til 2009. Nedgangen i det fulldyrka arealet i Hordaland starta tidlegare og har vore større enn for resten av Sør- og Vestlandet. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal hadde berre ein svak nedgang frå 89-99 medan det var ein svak auke på landsplan. Rogaland og Agder fylka hadde ein auke på 2 - 4,5 % i denne perioden. Etter 1999 har det vore ein jamn nedgang for alle fylka og dette er også trenden for heile landet. I Rogaland har nedgangen vore omtrent som for landsgjennomsnittet, medan dei andre fylka har hatt ein større nedgang.



*Figur 3 Geografisk fordeling av endringane i fulldyrka areal for Sør- og Vestlandet i perioden 1999 - 2009.*

Det har vore nedgang i fulldyrka areal overalt, men minst i innlandskommunane i Rogaland. I alle fylka utanom Aust-Agder har nedgangen i kystkommunar og ytre fjordstrøk vore markant større enn i innlandskommunane.

### 2.1.3 Overflatedyrka jord

For overflatedyrka areal har det vore store endringar relativt sett. Men her er det snakk om forholdsvis små arealmengder og store skilnader mellom fylka. Hordaland hadde til dømes fem gonger større overflatedyrka areal enn Rogaland i 1989. På landsplan utgjorde det overflatedyrka arealet berre 2 % av samla jordbruksareal i 2009.


På landsplan auka det overflatedyrka arealet med 36 % frå 89 – 99. For Vestlandet var det ein auke på 70 % i Rogaland og ein auke på 43 % i Møre og Romsdal i same perioden. Hordaland hadde ein auke på 8 % og Sogn og Fjordane ein nedgang på 7 %. Noko av auken i overflatedyrka areal i perioden 1989 – 1999 kjem truleg av at ein del fulldyrka areal har vorte omklassifisert til overflatedyrka areal på grunn av strengare og meir einsarta krav til fulldyrka areal.

**Tabell 3** Overflatedyrka areal, tal med grunnlag i landbruksteljingane (SSB)


	Tal dekar			% vis endring	
	1989	1999	2009	89-99	99-09
<b>Aust-Agder</b>	2 982	3 240	2 654	8,65	-18,09
<b>Vest-Agder</b>	7 293	12 113	8 597	66,09	-29,03
<b>Rogaland</b>	10 369	17 679	19 492	70,50	10,26 *
<b>Hordaland</b>	50 615	54 911	49 165	8,49	-10,46 *
<b>Sogn og Fjordane</b>	40 839	37 843	31 581	-7,34	-16,55
<b>Møre og Romsdal</b>	14 049	20 088	14 180	42,99	-29,41
<b>Heile landet</b>	217 691	295 165	229 919	35,59	-22,10

\* Ølen vart flytta til Rogaland frå 01.01.02. For å korrigere for dette, er Ølen sine data trekte ut av Hordaland og lagt til i Rogaland for 1989 og 1999.

I perioden 99-09 har det vore ein jamn nedgang i overflatedyrka areal i alle fylke med unntak av Rogaland som hadde ein auke frå 05-08. På landsplan var nedgangen 22 %. Størst har nedgangen vore i Vest-Agder og Møre og Romsdal, om lag 30 % siste tiåret. I Aust-Agder minka overflatedyrka areal med 18 %, i Sogn og Fjordane 17 % og i Hordaland 10 %, medan det altså var ein auke på 10 % i Rogaland.



**Figur 4** Relativ endring av overflatedyrka areal i fylka i perioden 1999 – 2009



**Figur 5** Geografisk fordeling av endringane i overflatedyrka areal for Sør- og Vestlandet i perioden 1999-2009

I Aust-Agder er det auke i overflatedyrka areal på kysten og nedgang i innlandet. I Vest-Agder er det stor nedgang overalt. I Rogaland har auken kome i kyst- og ytre fjordstrøk. Nedgangen i Hordaland er større dess lenger inn i landet ein kjem. I Sogn og Fjordane fordeler nedgangen seg nokolunde jamt. I Møre og Romsdal har ytre fjordstrøk og innlandskommunane markert større nedgang enn kystkommunane.

### 2.1.4 Innmarksbeite


Arealet med innmarksbeite har auka jamt og trutt heile perioden. Mest på 90-talet, men og ein god del dei siste ti åra. På landsplan auka innmarksbeitearealet med nesten 39 % i perioden 89-99. I 2009 utgjorde innmarksbeite 15 % av det totale jordbruksarealet på landsplan. I 1989 utgjorde det 8,8 %.

**Tabell 4** Innmarksbeite, tal med grunnlag i landbruksteljingane (SSB)

	Tal dekar			% vis endring	
	1989	1999	2009	89-99	99-09
<b>Aust-Agder</b>	5 916	8 137	11 154	37,54	37,08
<b>Vest-Agder</b>	23 349	31 249	38 111	33,83	21,96
<b>Rogaland</b>	300 397	391 101	436 086	30,19	11,50 *
<b>Hordaland</b>	97 390	122 060	146 712	25,33	20,20 *
<b>Sogn og Fjordane</b>	98 694	123 250	137 660	24,88	11,69
<b>Møre og Romsdal</b>	61 235	83 755	91 069	36,78	8,73
<b>Heile landet</b>	875 544	1 216 066	1 523 301	38,89	25,26


\* Ølen vart flytta til Rogaland frå 01.01.02. For å korrigere for dette er Ølen sine data trekte ut av Hordaland og lagt til i Rogaland for 1989 og 1999.





**Figur 6** Relativ endring av innmarksbeiteareal i fylka i perioden 1999-2009

Det har vore ein auke i arealet av innmarksbeite overalt i heile perioden, men auken i alle fylka med unntak av Aust-Agder er mindre enn landsgjennomsnittet. Auken i Aust-Agder har vore på 37 % frå 1999-2009. I Vest-Agder og Hordaland er auken om lag 20 %. For dei andre fylka har auken vore på omlag 10 %.



**Figur 7** Fylkesvis geografisk fordeling av endringane i innmarksbeiteareal i perioden 1999-2009

I alle fylka er det i innlandskommunane arealet av innmarksbeite har auka mest, men i Aust-Agder og Hordaland har det vore ein stor auke i dei andre kommunane òg. Dette må truleg sjåast i samheng med stor nedgang særleg i fulldyrka areal. I Vest-Agder har det vore ein auke på om lag 10 % i kystkommunane, medan det i Rogaland og Møre og Romsdal har vore ein auke på om lag 5 % i kyst og ytre-fjordstrøk. I Sogn og Fjordane er innmarksbeitearealet i kystkommunane uendra.

## 2.2 Årsaker til endringane i jordbruksareal

### 2.2.1 Omdisponering og nedbygging.

Kvart år vert det omdisponert dyrka og dyrkande jord til andre føremål enn jordbruk og det er ofte dei beste jordbruksareala som er under strekast press. Dei 20 kommunane som kvart av åra 2004-2009 har omdisponert mest areal, står for 40 – 50 % av årleg omdisponert dyrka jord (Grønningsæter 2010, s. 22). Så godt som alle desse kommunane ligg i område med svært gode vilkår for jordbruk. Mykje av denne omdisponeringa går såleis utover dei mest verdifulle jordressursane me har. I 2009 vart det omdisponert 8300 daa dyrka jord og 4700 daa dyrkande jord i Noreg. I 2010 var tilsvarande tal 6700 og 5500 (SLF 2011, s. 14). Kommunane har rapportert omdisponering i KOSTRA sidan 2005. I starten var rapporteringa mangelfull og det var ei underrapportering. Dette har betra seg etter kvart, men det er framleis noko uvisse knytt til kvaliteten på talmaterialet (Grønningsæter 2010, s. 22). Omdisponeringa har gått ned dei seinare åra, men regjeringa sitt mål om at omdisponeringa av dyrka jord i 2010 skulle vere halvparten av det som vart omdisponert i perioden før 2005 vart ikkje nådd. Omdisponeringa måtte då ned i 5700 daa i 2010.

### 2.2.2 Nydyrking

Det må søkjast om løyve før ein nydyrkar areal. Dei aller fleste av desse søknadane vert innvilga. I 2009 vart 98 % av søknadane godkjende. Det har vore ein jamn auke i godkjent nydyrka areal sidan 2002, men då vart det nydyrka lite areal i høve til tidlegare. I 2009 vart det godkjent 15 000 daa på landsplan. Men dette veg på langt nær opp for avgangen av fulldyrka jord som har vore på 67 000 da kvart år i gjennomsnitt for dei siste 5 åra.

**Tabell 5 Nydyrka areal i vestlandsfylka i perioden 2000-2009 (SLF 2010)**

	Tal dekar										
	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	00-09
Aust-Agder	240	30	178	12	29	30	80	197	460	513	1769
Vest-Agder	523	388	474	566	406	244	320	288	263	152	3624
Rogaland	1201	1814	1715	1548	203	1321	2436	1948	1809	1702	15697
Hordaland	118	178	11	107	250	104	243	148	51	502	1712
Sogn og Fjordane	346	266	99	21	344	248	189	155	251	514	2433
Møre og Romsdal	286	427	556	492	382	1357	353	825	1009	1069	6756
Heile landet	9252	7492	7269	7485	7961	10693	11606	13119	14157	15153	104187

### 2.2.3 Godkjenning av meir beiteareal/nyrydding

Det har vore ein svært stor auke i arealet av innmarksbeite dei siste 20 åra. På landsplan har auken vore på 74 % frå 1989-2009. Mykje av denne auken er papirauke. Dette fordi ein stor

del av dette arealet har vore brukt som beite før og, men har ikkje vore registrert ved søknad om produksjonstillegg. Dette kjem mellom anna av omlegginga frå gjødsla beite til innmarksbeite i 1997. Utanom dette har det dei seinare åra gjennom ulike regionale miljøprogram vorte gjeve støtte til inngjerding og rydding av gammalt kulturbeite. Dette har gjeve ein reell auke i arealet av innmarksbeite.

På landsplan viste statistikken auke i jordbruksarealet fram til 2001. Dette skuldast vesentleg auken i arealet av innmarksbeite. Etter 2001 har ikkje auken i arealet av innmarksbeite vege opp for nedgangen i det fulldyrka arealet. Den prosentvise auken av innmarksbeitet har vore større enn nedgangen for det fulldyrka arealet, men den relative endringa i det fulldyrka arealet utgjer mest i og med at det fulldyrka arealet utgjer det meste av jordbruksarealet, 83 % i 2009.

#### 2.2.4 Digitale kartverk.

I 2005 starta ein med å ta i bruk digitale kart som grunnlag for søknad om areal- og kulturlandskapstillegg i landbruket. Dette skal gje rettare arealgrunnlag. I praksis syner det seg at arealgrunnlaget går ned. Tal frå SLF syner ein gjennomsnittleg nedgang i arealgrunnlaget på 2,5 % for kommunane som har lagt til grunn det nye digitale kartverket. I 2009 nytta 180 kommunar i landet dette kartgrunnlaget. På Sør- og Vestlandet fordelte dette seg slik i 2009:

Aust-Agder:	4 av 15 kommunar hadde teke i bruk digitale kart.
Vest-Agder:	4 av 15 kommunar hadde teke i bruk digitale kart.
Rogaland:	18 av 26 kommunar hadde teke i bruk digitale kart.
Hordaland:	12 av 33 kommunar hadde teke i bruk digitale kart.
Sogn og Fjordane:	4 av 26 kommunar hadde teke i bruk digitale kart.
Møre og Romsdal:	12 av 36 kommunar hadde teke i bruk digitale kart.

Endringane som følgje av dette utgjer såleis mest i Rogaland og minst i Agder fylka og i Sogn og Fjordane.

#### 2.2.5 Areal drive utan tilskot

I ein gjennomgang av utvalde kommunar i Hordaland vart det sett nærare på utviklinga i landbruket i desse kommunane i tidsperioden 1994 – 2009 (Bakkebø 2010). Utgangspunktet var tal bruk i drift i 1994, og kva som var stoda for desse bruka i 2009. I 2009 vart bruka karakteriserte i desse fire kategoriane: «Statsautorisert bonde», «Utleigebønder», «Smågrislarar og «Nedlagde bruk».

Kategori 3 «Smågrislarar», dei som bur på bruka og driv dei utan produksjonstillegg utgjer i dette utvalet 10 % av bruka i 1994, men med stor variasjon mellom kommunane. Dette er nok (truleg) mindre bruk enn dei som framleis er i drift i kommunen.

Statistisk sentralbyrå korrigerer noko for slike areal. Dei innhentar opplysingar frå andre kjelder i tillegg til søknad om produksjonstillegg for å få med dette arealet. Slike kjelder er mellom anna ulike leveranseregister og landbruksregisteret (Bjørlo 2012).

### 2.2.6 Areal teke ut av produksjon.

Talet på driftseiningar har gått kraftig ned dei siste tiåra. På landsplan er tal driftseiningar halvert i perioden 1989-2009. Dette er situasjonen på Sør- og Vestlandet òg. Oftast har areala til dei som legg ned vortne drivne vidare av naboar. Dette har gjort til at arealet har halde seg nokolunde stabilt, trass i den store nedgangen på tal bønder. I sterke jordbrukskommunar er det ofte rift om areal og det er lett for dei som sluttar å få leigt ut areala. I svake jordbrukskommunar og utkantar er situasjonen annleis. I mange slike bygder er det no nokre få bønder som driv det meste av arealet og krav til effektivitet gjer at dei minste og dårlegaste teigane ikkje vert hausta. Etter 2001 har det totale jordbruksarealet gått ned kvart år, og det har gått ned meir enn det som vert omdisponert og reduksjonen som følgje av nye kartgrunnlag. Det betyr at ein del areal vert lagd brakk/ går ut av produksjon. I følgje Stokstad (2011 s. 39) vert det meste av arealet som går ut av produksjon nedlagt.

I fleire område i Vestland fylke er det dårleg dreneringstilstand på ein del av jordbruksarealet. Tal frå jordbruksteljinga i 2010 (SSB) viser at bøndene sjølv gjev opp at frå 4 – 8 % av jordbruksarealet har dårleg dreneringstilstand. Dette kan vere ei medverkande årsak til at jordbruksareal går ut av drift.

### 3. Endring i dyretal

Jordbruksareal og grovfôrbasert husdyrhald heng nøye saman. Dette gjeld heilt og fullt for innmarksbeite og overflatedyrka jord som består av grasmark. Men på Vestlandet gjeld dette og i stor grad for den fulldyrka jorda sidan det på størstedelen av den vert dyrka gras. Det er difor interessant å sjå på om det er tilsvarende endringar i det grovfôrbaserte husdyrhaldet som det er i jordbruksarealet. I dyretaloversiktene vil me sjå på utviklinga i talet på kyr (mjølkeku og ammeku) og sauer (vinterôra sauer og utegangarar). Me vil sjå på tidsperioden 2000 – 2011.


#### 3.1 Endring i talet på kyr

Talet på kyr har gått markant attende i heile landet i perioden 2000 – 2011. På landsplan har nedgangen vore på vel 13 %. Nedgangen i Rogaland har vore litt mindre enn på landsplan (vel 11 %), medan nedgangen har vore markant større i dei tre andre Vestlandsfylka (22-24 %).


**Tabell 6** Endring i talet på mjølkekyr og ammekyr på Sør- og Vestlandet 2000 – 2011 (SLF 2011).

	2000			2011			% vis endring 00-11		
	Mjølkeku	Amme ku	Totalt kotal	Mjølkeku	Amme ku	Totalt kotal	Mjølkeku	Amme ku	Totalt kotal
Aust-Agder	2884	516	3400	1993	1182	3175	-30,89	129,07	-6,62
Vest-Agder	7559	978	8537	5381	2231	7612	-28,81	128,12	-10,84
Rogaland	52987	3583	56570	42858	7077	49935	-19,12	97,52	-11,73
Hordaland	17252	1578	18830	12099	2460	14559	-29,87	55,89	-22,68
Sogn og Fjordane	23579	964	24543	17269	1782	19051	-26,76	84,85	-22,38
Møre og Romsdal	31746	1949	33695	22427	3278	25705	-29,35	68,19	-23,71
Heile landet	318114	33715	351829	240446	63694	304140	-24,42	88,92	-13,55

Det er på tal mjølkekyr den store nedgangen har vore. På ammekyr har det vore ein jamn auke i talet i heile perioden, men denne auken tilsvarear på langt nær den store nedgangen som har vore i talet på mjølkekyr. Auken i talet på ammekyr har vore størst i Agder-fylka og lågast i Hordaland og Møre og Romsdal.



*Figur 8 Relativ endring i talet på mjølkekyr og ammekyr i fylka i perioden 2000-2011*




*Figur 9 Relativ endring i talet på mjølkekyr i fylka i perioden 2000-2011*

På landsplan har nesten kvar fjerde mjølkekyr blitt borte i denne perioden. Sør- og Vestlandet har same utvikling som landet elles, men skil seg ut på to punkt. Rogaland


har mindre nedgang enn landsgjennomsnittet (19 %), medan dei fem andre fylka har større nedgang (27 – 31 %) enn landsgjennomsnittet.

Vidare kan ein då sjå på i kva område det er desse reduksjonane har vore.



**Figur 10** Geografisk fordeling av endringane i talet på mjølkekyr og ammekyr på Sør- og Vestlandet i perioden 2000 - 2011

Ein ser at endringane i talet på kyr samsvarar med endringane i areal. Det er i kystkommunane og ytre fjordstrøk at nedgangen er størst. Dette med unntak av Vest Agder der nedgangen har vore størst i innlandskommunane. I Sogn og fjordane og Møre og Romsdal har nedgangen i alle områda vore større enn landsgjennomsnittet.



**Figur 11** Geografisk fordeling av endringane i talet på mjølkekyr og ammekyr i Rogaland i perioden 2000 – 2011 (SLF 2011)

Med ei anna geografisk fordeling av Rogaland ser ein at det er i Nordfylket og Ryfylke nedgangen har vore størst. Jæren ligg om lag på snittet for fylket og i Dalane har nedgangen vore minst. Ser ein berre på mjølkekyr er det Jæren som har hatt minst nedgang (15 %). I Nordfylket har det vorte 33 % færre mjølkekyr og 23 % færre i Ryfylke. I Dalane har talet på mjølkekyr minka med 19 %, men stor auke i talet på ammekyr gjer at den samla nedgangen er på berre 4,6 %. I Rogaland har det såleis skjedd ei forskyving av mjølkeproduksjonen frå Nordfylket, Ryfylke og Dalane til Jæren.


### 3.2 Sauer

Det har vore store endringar også i talet på sauer her i landet i perioden 2000 – 2011. På landsplan har talet på vinterføra sauer (v.f.s.) gått ned med 8 %. Ein stor auke i talet på utegangarar av gamal norsk sau har motverka dette noko. Samla nedgang i tal sauer er på 5,5 % på landsplan i perioden 2000 - 2011.

**Tabell 7** Endring i talet på sau på Sør- og Vestlandet 2000 – 2011 (SLF 2011)


	2000			2011			% vis endring
	VFS	Utegangarar	Samla	VFS	Utegangarar	Samla	Samla
<b>Aust-Agder</b>	22490	12	22502	12711	34	12745	-43,36
<b>Vest-Agder</b>	31040	96	31136	22693	982	23675	-23,96
<b>Rogaland</b>	186802	270	187072	211100	8072	219172	17,16
<b>Hordaland</b>	114454	1055	115509	96859	10722	107581	-6,86
<b>Sogn og Fjordane</b>	120742	88	120830	93335	2116	95451	-21,00
<b>Møre og Romsdal</b>	69993	189	70182	61631	2498	64129	-8,62
<b>Heile landet</b>	1102272	2800	1105072	1010438	33157	1043595	-5,56





**Figur 12** Relativ endring i talet på vinterfôra sauer i fylka i perioden 2000 - 2011

Med unntak av Rogaland, har alle fylka på Sør – og Vestlandet større nedgang i talet på vinterfôra sauer enn det er på landsplan. I Aust- Agder har nedgangen vore svært stor (43 %). Stor nedgang har det òg vore i Vest-Agder og Sogn og Fjordane, høvesvis 27 og 23 %. Rogaland skil seg ut med ei heilt anna utvikling. Der har talet på vinterfôra sauer auka med 13 %. Parallelt med minken i talet på v.f.s., har talet på utegangarar auka.




**Figur 13** Relativ endring i totalt sauetalet i fylka i perioden 2000 – 2011

Det er i Hordaland og Rogaland hald av gamal norsk sau har fått størst omfang. Ser ein på dei samla tala for v.f.s. og utegongarar er det difor i desse to fylka ein ser noko markert endring i høve til tala for berre v.f.s.. I Hordaland har nedgangen i talet på v.f.s. vore 15 %, men auken i talet på utegangarar gjer til at den totale nedgangen i talet på sau vert 7 %. Dei samla tala for Hordaland nærmar seg då landstala. For Rogaland er det auke både for v.f.s. og utegangarar og samla vert det då ein endå større auke enn for berre v.f.s..


Den nedgangen ein har hatt både på landsplan og på Sør- og Vestlandet, har vesentleg kome i 5 års perioden 2002 – 2007. Dette med unntak av Aust-Agder der ein har hatt nedgang både før og etter det. Etter 2007 har sauetalet stabilisert seg nokolunde i Vest – Agder og Sogn og Fjordane og auka litt i Møre og Romsdal og i Hordaland. I Rogaland heldt sauetalet seg stabilt frå 2002 til 2007. Etter det har det auka markant.

Det totale sauetalet på Sør- og Vestlandet har minka mindre enn på landsplan frå 2000 til 2011, men i dette ligg ei markant flytting av dyr frå alle fylka rundt og til Rogaland. I Agder fylka har det vore ein nedgang på 17 000 dyr og i dei tre nordlegaste vestlandsfylka har det vore ein nedgang på 38 000 dyr, medan det i Rogaland har vore ein auke på 32 000 dyr.




**Figur 14** Geografisk fordeling av endringane i tal v.f.s på Sør- og Vestlandet i perioden 2000 - 2011

I Aust-Agder har nedgangen i talet på vinterfôra sau vore størst i innlandskommunane. I Vest-Agder har det vore størst nedgang i kystkommunane. I Rogaland har det vore størst auke i ytre fjordstrøk. I Hordaland har det vore nedgang overalt, men størst i ytre fjordstrøk. I Sogn og Fjordane har det vore størst nedgang i kystkommunane. Møre og Romsdal har det vore ein auke i kystkommunane. Elles har det vore nedgang, størst i ytre fjordstrøk.



**Figur 15** Geografisk fordeling av endringane i det totale sauetalet på Sør- og Vestlandet i perioden 2000 - 2011

Auken i talet på utegongarar har fyrst og fremst kome i kystkommunane og ytre fjordstrøk. Når ein tek med utegongarane vil såleis desse områda kome betre ut.



**Figur 16** Geografisk fordeling av endringane i sauetalet i Rogaland i perioden 2000 - 2011.

Begge inndelingane syner at det har vore auke i det totale sauetalet over heile fylket, men at det har vore størst auke i Ryfylke og på Jæren.

### 3.3 Årsaker til endringar i dyretal

Me vil her peike på nokre årsaker til desse endringane. Dette er eit komplisert emne og det er mange faktorar som verkar inn på dei einiskilde gardbrukarane sine vurderingar. Denne rapporten framstiller først og fremst dei endringane som har vore og er ikkje ei omfattande studie av årsakene. Me vil likevel ta for oss nokre punkt som me meiner er sentrale opp i dette.

#### 3.3.1 Svak lønsemd

Svak lønsemd vert peika på som ei av dei sentrale årsakene til at mange gardbrukarar vel å leggje ned gardsdrifta. Dette kan seiast generelt om heile landbruksnæringa. I denne rapporten er det interessant å sjå på lønsemda på Sør- og Vestlandet opp mot landstal. Haukås og Olsen (2011, s. 15) viser at lønsemda i mjølkeproduksjon på Vestlandet utanom Rogaland ligg litt under gjennomsnittet. Lønsemda i sauehaldet ligg langt under dei andre driftsformene i landsdelen og også under landsgjennomsnittet for sauehald i driftsgranskingane. I følge Haukås og Olsen (2011) samt Knutsen et al. (2009) er mykje av årsaka at sauebruka i dei tre nordlegaste vestlandsfylka er mindre enn bruka med sauehald elles i landet. I tillegg er produktiviteten lågare på Vestlandet (Knutsen et al. 2009). Små og ofte tungdrivne bruk kan forklare skilnaden i arbeidsforbruk.

Solberg et.al (2011, s. 8) viser at driftsoverskotet per bruk i Rogaland i perioden 2000-2009 ligg over landsgjennomsnittet, medan det ligg under landsgjennomsnittet i Vest-Agder. I Aust-Agder var det under landsgjennomsnittet frå 2000-2003 og over frå 2004-2009. I denne perioden har det og vore ei omlegging av ein del tilskotsordningar. I 2002 kom ein rapport frå NILF på oppdrag frå partane i Jordbrukstingingane. Denne apporten (FOLA) føreslo mellom anna avvikling av tilskotet til innmarksbeite (Søyland 2002). Utflating av tilskot mellom anna for dyretal og areal har ført til ei flytting av tilskot frå Sør- og Vestlandet med mange små gardsbruk til område med større gardsbruk. Dette har mellom anna Fylkesmannen i Sogn og Fjordane teke opp i brev til Landbruksdepartementet der dei og kommenterte FOLA rapporten (Nygård og Bjørkum 2002).

#### 3.3.2 Endring i kvoteordning, mjølkeyting, ressursituasjon og konkurranse

I 1982 vart det innført ei kvoteordning og eit avtalefesta produksjonsmål på 1800 mill liter. Produksjonsmålet var uendra fram til 1992. Etter det vart det gradvis redusert før det vart oppheva i slutten av 1990 åra. I 1997 vart det innført ei ordning med statleg kjøp og sal av mjølkekvotar. All kjøpt kvote vart selt ut att i 1997. I 1998 vart halvparten av kjøpt kvote inndregen. I 1999 og 2000 vart all kjøpt kvote dregen inn. I 2001 vart 36 % av selt kvote inndregen. Frå og med 2002 har all kjøpt kvote vorte selt ut att. Frå og med 2003 har det vore råd å selje ein del av kvoten privat. Samla vart det inndrege ca 175 mill l kumjølkkvotet i 1998 – 2001 (SLF 2007). Med ei gjennomsnittleg yting på 5900 l/ku tilsvarar dette om lag 30 000 mjølkekyr.

Kvoteordninga på mjølk kombinert med areal- og dyretilskot fører til at optimal avdrått er lågare enn om det ikkje hadde vore kvoteordning og slike tilskot (Flatén 2001). Frå slutten av 80-talet og fram til år 2000 var mjølkeavdrått uendra. Etter det har det vore ein markant

auke i mjølkeavdråtten pr ku (Hegrenes et al. 2009). Denne avdråttsauken har ført til at same totale mjølkemengde vert produsert på stadig færre kyr. Denne avdråttsauken kombinert med inndraging av mjølkekvotar er ei viktig årsak til nedgangen i talet på mjølkekyr. Dette fører òg til eit lågare kalvetal og dermed eit lågare potensial for storfekjøt. Produksjon av storfekjøt i Hordaland og Sogn og Fjordane har gått mykje ned i perioden 199-2008 (Knutsen et al. 2009).

Konkurransen om ressursane pressar opp mjølkeavdråtten pr. ku og reduserer kutalet. Optimalt kutal og avdrått i mjølkeproduksjonen er også avhengig av kraftfôrpris og kostnader og tilgang på grovfôr. Høg kraftfôrpris gjev fleire kyr og lågare avdrått (Hegrenes et al. 2009). Auka kjøtpris stimulerer til auka kjøtproduksjon. Også større tilskot til ungdyr vil stimulere til større kjøtproduksjon (Hegrenes et al. 2009).

Giæver (2003) drøftar bruk av jordbruksareal i høve til produksjon og intensitet, og uttrykkjer at Noreg synest å ha eit høvande jordbruksareal i høve til dåverande produksjon. For å nytte areal som kan vere "overskotsareal" i einskilde regionar, kan ei ekstensiv drift vera aktuell for å nytte og skjytte jordbruksareala, noko som er vidare drøfta av Flaten og Giæver (2003). Dei oppsummerer at lønsemda avheng både av tilskotsreglar og av situasjonen på bruket.

I område/regionar med intensiv drift og satsing i landbruket er jordbruksareal gjerne ein faktor som det er knapt om, og motsett i område der det er lite av grovførbasert husdyrhald i høve til tidlegare. Dette kjem fram når ein går inn i statistikkane på kommunenivå.

### 3.3.3 Andre faktorar

I fleire kommunar i Hordaland fall det frå mange små sauebruk då kravet til omsetjing for å få produksjonstilskot auka frå kr 20 000 til 30 000 i 2004. Dette er døme på ein faktor som kan ha hatt utløyssande effekt for endringsprosessen. Andre døme kan vere:

- Nedlegging i samband med eigarskifte
- Nye føresegner for hald av dyr
- Nye krav for til dømes mjølkerom
- Auka krav til omsetjing for å få att mva.
- Avkorting av tilskot for eldre brukarar
- Auke i botnfrådraget
- Krav om brannvarslingsanlegg

## 4. Oppsummering

---

### 4.1 Jordbruksareal

På landsplan var det auke i jordbruksarealet i drift fram til 2001. Etter det har det minka kvart år. I nokon grad følgjer Sør- og Vestlandet denne utviklinga, men med vesentlege unntak. I Agder fylka var det ein auke frå 1989-1999. Etter det har det vore ein jamn nedgang noko større enn landsgjennomsnittet. På Vestlandet utanom Rogaland starta nedgangen i fulldyrka areal tidlegare og har vore sterkare enn landsgjennomsnittet. Rogaland har hatt ei meir positiv utvikling enn landsgjennomsnittet, men også her har det vore nedgang i fulldyrka areal etter 2001. Hordaland er det fylket som har hatt størst nedgang i fulldyrka areal, heile 23 % i perioden 1989 - 2009. Vidare ser me at auken i innmarksbeiteareala har vore om lag som landsgjennomsnittet i Agder-fylka, men mindre enn landsgjennomsnittet på Vestlandet.

Oppdelinga i kystkommunar, kystnære fjordstrøk og innlandskommunar syner at det er nedgang i det fulldyrka arealet alle stader, og at det er med unntak av Aust-Agder er kysten og dei ytre fjordstrøka som taper mest.

### 4.2 Husdyr

I perioden 2000 – 2011 har det på landsplan vore stor nedgang i talet på mjølkekyr og auke i talet på ammekyr. Vidare har det vore nedgang i talet på vinterfôra sauer og auke i talet på utegangarar.

Nesten kvar fjerde mjølkekyr er blitt borte på landsplan i denne perioden. Sør- og Vestlandet har mykje same utvikling som landet elles, men skil seg ut på to punkt. Rogaland har mindre nedgang enn landsgjennomsnittet (19 %), medan dei fem andre fylka har større nedgang (27 – 31 %) enn landsgjennomsnittet.

Den geografiske oppsplittinga syner at det er nedgang i talet på kyr overalt, men at det er størst nedgang på kysten og i ytre fjordstrøk. Dette med unntak av Vest-Agder der det er størst nedgang i innlandskommunane. I Hordaland og Sogn og Fjordane er nedgangen så stor at sjølv innlandskommunane med minst nedgang, har større nedgang enn landsgjennomsnittet. I Rogaland ser ein at Nordfylket og Ryfylke har større nedgang enn Jæren og Dalane. Jæren har minst nedgang i talet på mjølkekyr, medan Dalane har minst nedgang i totaltalet på kyr grunna stor auke i talet på ammekyr.

På sau er biletet noko meir varierende. Det er nedgang i Agder fylka og dei tre nordlegaste Vestlandsfylka, men ein stor auke i Rogaland. Agder fylka og Sogn og Fjordane skil seg ut med stor nedgang i sauetalet. I Aust-Agder har det vore svært stor nedgang i innlandskommunane. I Vest-Agder og Sogn og Fjordane har nedgangen vore størst på kysten. Auken i talet på utegangarsau har fyrst og fremst kome i Hordaland og Rogaland. I Møre og Romsdal har det vore ein auke i både talet på vinterfôra sauer og utegangarar på kysten. I resten av fylket har det vore nedgang. Mest i ytre fjordstrøk. I Hordaland har det vore nedgang i talet på vinterfôra sauer i heile fylket, mest i ytre fjordstrøk. Samstundes har det vore ein markant auke i talet på utegangarar av gamal norsk sau. Dette har halde oppe sauetalet i kystkommunane og gjort til at den samla nedgangen i ytre fjordstrøk er mindre enn i innlandskommunane. I Rogaland har det vore stor auke både i talet på vinterfôra sauer og i talet på utegangarar. Det har vore auke i heile fylket, men størst har auken vore i Ryfylke og på Jæren.

# Litteratur

---

- Bakkebø, O. 2010. Kor vert dei av? Eit innsyn i strukturutvikling og avskalling i Hordalandslandbruket. Bergen.
- Bjørlo, B. 2012. Personleg meddeling 3.feb 2012. Statistisk sentralbyrå.
- Flaten, O., 2001. Økonomiske analyser av tilpassingar i norsk mjølkeproduksjon. Institutt for økonomi og samfunnsfag. NLH, Avhandling nr. 2001:1.
- Flaten, O., Giæver, H. 2003. Er ekstensivering en farbar vei for å ta vare på Overskuddsarealer? Landbruksøkonomisk Forum 20 nr. 4/2003: 11-19.
- Giæver, H. 2003. Har Norge et overskudd av jordbruksarealer? Landbruksøkonomisk forum 20 nr. 4/2003: 5-10.
- Grønningsæter, G., Aurbakken, E.A., 2010. KOSTRA Landbruk. En vurdering av rapporteringen for 2009. SLF rapport 16/2010. Oslo.
- Grønningsæter, G., Halse, A.E., 2011. KOSTRA Landbruk. En vurdering av rapporteringen for 2010. SLF rapport 20/2011. Oslo.
- Haukås, T., Olsen, A., 2011. Økonomien i Jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000 – 2009. NILF-notat 2011-3. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Hegrenes, A., Hansen, B.G., Mittenzwei, K. 2009. Produksjonsendringar på mjølkebruk – konsekvensar for kjøtproduksjon og ressursbruk. NILF-rapport 2009-2. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Knutsen, H., Haukås, T., Solberg, L.R., Olsen, A. 2009. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tillleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane. NILF-notat 2009-14. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Nygård, P.I og Bjørkum I. 2002 FOLA 2002 - Innmarksbeite og konsekvensar. Brev til Landbruksdepartementet frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Statens Landbruksforvaltning, 2007. Evaluering av omsetningsordningen for melkekvoter. Mars 2007, Oslo.
- Statens landbruksforvaltning, 2011. Produksjonstilskudd – statistikk.
- Solberg, L.R., Knudsen, H., Olsen, A., 2011. Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 2000-2009. Tabellsamling 2005-2009. NILF-notat 2011-7. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Statistisk sentralbyrå, 2010. Landbruksteljingar.
- Stokstad, G., Puschmann, O., 2011. Status og utvikling i jordbrukets kulturlandskap. Rapport frå Skog og Landskap 13/2011. Ås.
- Søyland, V. (red.) 2002. FOLA 2002: Landbrukspolitik – forenkling og målretting. NILF-rapport 2002-1. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

